

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/72-2

8 . januar 2018

Høyring - endringar i føresegnene om snurrevad i utøvingsforskrifta

Departementet sender med dette på høyring forslag om endringar i enkelte føresegner om snurrevad i *forskrift 22. desember 2004 nr. 1878 om utøvelse av fisket i sjøen* (utøvingsforskrifta).

Høyringsfristen er 23. februar 2018.

Les og svar på høyringa her: www.regjeringen.no/2583776

Høyringar er opne, og alle kan sende innspel til oss. Vi ber om at de sender høyrings svar digitalt ved å nytte skjemaet for høyrings svar på www.regjeringen.no .

Bakgrunnen for saka er at Kongen i Statsråd 15. desember 2017 gjorde vedtak om endringar i *forskrift 13. oktober 2006 nr. 1157 om spesielle tillatelse til å drive enkelte former for fiske og fangst* (konsesjonsforskrifta) for å leggje til rette for større fleksibilitet i val av reiskap i enkelte fartøygrupper. Forskriftsendringa går mellom anna ut på å oppheve kravet om særskild løyve for fiske med snurrevad i havfiskeflåten, noko som i praksis inneber at alle 22 fartøy med rett til å delta i fisket til den konvensjonelle havfiskeflåten kan nytte snurrevad. I dag er det berre 2 av desse fartøya som kan bruke snurrevad i medhald av særskilde løyve på grunnlag av historisk reiskapsbruk før det aktuelle fisket vart lukka.

Den store auken i talet på havfiskefartøy som no kan nytte snurrevad gjer det naudsynt å vurdere avgrensingar i utøvinga av dette fisket.

Det følger av utøvningsforskrifta § 32 at konvensjonelle havfiskefartøy ikkje kan bruke line innanfor 4 nautiske mil frå grunnlinja, og i enkelte tidsperiodar og område heller ikkje innanfor 10 nautiske mil frå grunnlinja. Hovudformålet er å reservere kystnære område for mindre fartøy. Departementet vurderer det slik at auken i talet på havfiskefartøy som kan nytte snurrevad gjer det naturleg å innføre same områdegrense for havfiskefartøy som nyttar snurrevad som for havfiskefartøy som nyttar line. Ei slik områdegrense bør gjelde for alle havfiskefartøy uavhengig av om dei tidlegare har hatt særskild løyve til å nytte snurrevad.

Departementet meiner vidare at det er naturleg å utvide området for påbodet om kvadratmasker i fiskepose i snurrevad, jf. utøvningsforskrifta § 3. Formålet med påbodet er eit fiske med betre selektivitet på målartar og målstorleikar av fisk. Påbodet må sjåast i samanheng med at fiske med garn og line tradisjonelt har vore meir selektivt på større fisk enn fiske med snurrevad. I dag gjeld påbodet om kvadratmasker aust for ei linje ved Sørøya. Departementet foreslår å utvide påbodet til å gjelde heile området nord for 64 gradar nord.

Departementet vil dessutan be høyringsinstansane om eventuelle synspunkt på om det framleis er behov for eit forbod mot pelagisk fiske etter torsk, hyse og sei med snurrevad innanfor fiskerigrensa og i Norsk økonomisk sone nord for 62 gradar nord, jf. utøvningsforskrifta § 15 bokstav b (2).

Departementet foreslår på denne bakgrunn følgjande endringar i utøvningsforskrifta:

§ 3 nr. 1 bokstav a (endra) skal lyde:

a) *Ved bruk av trål:* 130 mm. I fisket etter uer med flytetrål: 100 mm.

§ 3 nr. 1 bokstav b (endra) skal lyde:

b) Ved bruk av snurrevad er det kun tillatt å benytte fiskepose med kvadratmasker med en minste maskevidde på *125 mm*. Fiskeposen med kvadratmasker skal bestå av tre deler: Forpart, sylinder med kvadratiske masker og løft. Redskapen skal være oppbygget og montert etter spesifikasjoner vedlagt denne forskrift.

§ 15 bokstav a (4) (ny) skal lyde:

(4) Det er forbudt for havfiskefartøy (fartøy med lasteromsvolum på 500 kbm eller meir) å bruke snurrevad i de områder og perioder det i medhold av § 32 er forbudt å fiske med liner for havgående linefartøy som har maskinelt egningsutstyr om bord.

Med helsing

Vidar Landmark
ekspedisjonssjef

Martin H. Bryde
avdelingsdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Adresseliste

Fiskebåt	Postboks 67	6001	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norges Fiskarlag	Postboks 1233 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Pelagisk Forening	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Sametinget	Ávjovárgeaidnu 50	9730	KARASJOK
Havforskningsinstituttet			